



114 elevar dansa for ein mobbefri skule i dag kl.12.

114 elevar på Uskedal skule dansa for ein mobbefri skule i dag. Presist kl. 12 starta framsyninga som er ein del av ei internasjonal markering mot mobbing. Aksjonen har namnet BlimE og er henta frå NRK Super sitt barneprogram med tilhøyrande video og danseinstruksjon. Fire elevar frå 7. klasse var ekstra instruert og synte dansen til dei andre i salen.



Fire elever i 7. klasse stod for koreografi og synt dansen for dei andre. Namna deira er: Saule, Cecilie, Emma R. og Kristiane. Målet med antimobbekampanjen er å skapa ein inkluderande skule med aktivitetar for alle. Klassane har øvd på dansen kvar dag den siste tida. Koreografien var enkel, men svært verknadsfull. I dag, fredag, nøyaktig kl. 12 vart dansen gjennomført over heile landet, på dei skulane der dette var eit tema. Rektor, Lilli Britt Urheim, er godt nøgd med den store interessa for markeringa. Ho kjenner ikkje til om andre skular i Kvinnherad har vore engasjerte slik vi fekk oppleva i Uskedalen i dag.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal